

INNHOLD

Tradisjonsmusikk 99 %

(Konservert med 0,002 % borsyre $B(OH)_3$)

fele + trekkspel

MØYLLMÅL
.....
BRØDRENE SANDUM

- 
- 1 SigridBo-valsen 3:46**
 - 2 Skotsk etter Ola Flaten 1:58**
 - 3 Springleik etter Skogumsbrørne 2:33**
 - 4 Fel-Jakupspringleik 1:45**
 - 5 Bismospringleik 2:35**
 - 6 Gammelkjæresten 2:15**
 - 7 Hansemanns reinlender 3:30**
 - 8 Kjersti-Hans 2:51**
 - 9 Springleik etter Øyvind Skogum 1:55**
 - 10 Møyllimålvalsen 2:40**
 - 11 Trillande rundt 2:30**
 - 12 Rundhovdin 2:24**
 - 13 Skotsk etter Ola Kampen/Maria Øyen 2:30**
 - 14 Skotsk etter Ola Kampen/Maria Øyen 1:30**
 - 15 Stor i stugun 2:20**
 - 16 Vals + reinlender 4:34**



UM LEIKJIN

1 SigridBo-valsen

Da 'n Hans ha pappapermisjon fysste gången så stælte 'n te ein vals åt kjerringen sine, ho Sigrid, å eilst sánn derest, 'n Bo. Ho Mamma bynte å keilla leiken «SigridBo-valsen», å dæ vart namne.

2 Skotsk etter Ola Flaten

Dette æ ein leik sám ha fyrst åss stort sett eille öre åss ha spelte i hop. Denna leiken spelte åss au i Ola Sandums familiorkester, å dø æ ein go' danseleik sám åss brukta støtt åss spela te dans.

3 Springleik etter Skogums-brørne

Ein tradisjonell springleik sám åss tykjy ligg gått får samspel mæ fele å trækkspel. Åss ha spelte denne leiken i mange år, å brukte'n ve ei anledning i ope klasse på Landsfæstivale.

4 Fel-Jakupspringleik

Dø æ goe minne um denne goe springleiken som gjer at 'n æ mæ på plåtun. 'N Hans kjøm i hog denne leiken som sitt bæste kappleikspel. Dæ va på Beitostølen i 2006.

5 Bismospringleik

Eitt tå glansnomrom våre ha vorte denne springleiken. Åss spelte denne leiken i opé klasse på Landsfæstivalé på slutten tå nittitale, å dø æ mange sám spør ette denne leiken når åss spela. Leiken æ dø 'n Mattias Bismo frå Skjåk som ha gjort.

6 Gammelkjærresten

Gamelkjærresten æ ein tå mange danseleikjé åss ha lært tå om onkel Ola Sandum. Dø va au ein tå di fysste leikjom åss brukte da åss bynte å låte te dans.

7 Hansemanns reinlender

Da 'n Øyvind skull komponere fysste leiken sin, va dø naturle at deinn skull te-eignast 'om Hans. Leiken vart komponert i samarbeid mæ 'om Per Släsletten.

8 Kjersti-Hans

Dette æ Lalmformé på storleikjé «Fanitullen». Her spela 'n Øyvind sámå bågåstrøkjé sám 'n Hans, mæ bæljé.

9 Springleik etter Øyvind Skogum

'N Hans fækk væra ein del sjå 'om Øyvind Skogum får å lære nye leikjé gjennum Vågå spelmeinnslag. Dette æ ein tå di fysste springleikjom 'n lærde, å deinn ha fyrst 'om sám ein tå favo-ritspringleikjom sia.

10 Møyllmålvalsen

Denne leiken høyrde åss fysste gången onde Distriktskappleiken på Oppdal i 1994. Da va dø 'n Kristen Odde sám spelte'n. Bæt to færeiska se ti denna valsen, å 'n ha våré favorittleiken vår sia. Åss bynta støtt mæ dessé leikjé når åss tæk upp spele å fela.

11 Trillande rundt

Namne beskriv dæ 'n Hans teinkjé på når 'n spela springleik te dans åt bror sine. 'N Hans ha te-eigna leiken åt 'om Øyvind.

12 Rundhovdin

'N Sjugurd Garmo komponerte mange fine leikjé. Åss leita åfté etté goe danseleikjé når åss ska spela springleik, å denné æ ein tå favorittom, au sjå dansarom.

13 Skotsk etter Ola Kampen/Maria Øyen

Åss va på besøk sjå 'om Ola Grøsland, og han spelte opp tak han hadde jort i 1966 med n'Maria Øyen, dotter has Ola Kampé, dein kjænde toraderspelmeinn. Dene skåskan ha åss lært tå opp tak med hena og sanné, om Hjalmar Øyen.

14 Skotsk etter Ola Kampen/Maria Øyen

Tå di mange leikjom 'n Ola hadde i upptak mæ 'n Maria Øyen, va dø ein knallgo skåsk som åss eilder ha hørt før. Upptake va någå oklårt, så dene tålkjinge ha 'n Øyvind lært tå om Ola og datter has, 'n Kari.

15 Stor i stugun

Rætt å slett ein kjølé go springleik, sám æ artig å gjevande å spela. Hær æ 'n Hans mæst inspirert tå färm'en sám 'n Pål Skogum ha på leikjé.

16 Vals + reinlender

Desse to lekjin ha åss lært ette kasættupptak tå 'om Knut Oldreløkken frå Lalm. 'N Knut ha eit stort repertoire, å 'n let mange leikjé sám ikkje så mange andre spelmeinne i distriktelet. Valsen ha åss kjø hørt før åss feinn 'n på eit gåmålt upptak. Reilendern æ nok ein tå «storgardsleikjom» som 'n Knut har ei eigor färm på.

Øyvind å Hans Sandum

H A N S O G Ø Y V I N D S A N D U M

Sandum-brørne Hans, fødd 1980, og Øyvind, fødd 1982, kjem frå Lalm i Vågå kommune, og er oppvaksne i ein heim og eit lokalsamfunn der folkemusikken har hatt ein sentral plass. Foreldra er gode dansarar og folkemusikkutøvarar, og særleg mora, Ingebjørg, er flink til å spela fele med gode kappleikspllasseringar frå ungdomstida. Ho kjem frå Garmo i Lom og er av solid folkemusikkslekt, så det er rimeleg at Hans og Øyvind har mykje tradisjonsmusikk frå grannbygda i tillegg til Lalm. Foreldra i tillegg til andre i nær familie vart difor ein viktig inspirasjon for brørne.

Båe byrja å spela da dei var rundt 10 år, og det er naturleg at dei har spelt ein del saman, også på

konkurransar med gode plasseringar. Dei har eit aktivt musikkliv bak seg og har vore med i fleire spel- og dansarlag, i ulike gammaldansgrupper og har elles spelt mykje til dans. Denne solide bakgrunnen og erfaringa viser seg i ein god og spenstig rytmje og sans for detaljar i musikken. Dei er trufaste mot tradisjonen, men har også laga leikje sjelве.

HANS spelar fele og har vore A-klasse-spelmann sidan 2001. Han har delteke på mange landskappleikar og mindre kappleikar, og som medlem av Kolden & co var han med og vann Landsfestivalen i gammaldansmusikk i 2002.

ØYVIND spelar trekspel, både torader og femrader. Han har teke

utdanning i folkemusikk, først folke-musikklinja på Vinstra og deretter Ole Bull Akademiet på Voss. Han har spelt i ulike gammaldans- grupper, lengst i Nordafjells, og har vore med på å vinne landsfestivalen i gruppespel. Ikke minst har han mange sigrar i klassa for torader solo, og nå i 2012 vann han kongepokalen på Landskappleiken på Otta. Det er naturleg at han både har sin eigen cd og elles har vore med på mange produksjonar. I tillegg må det nemnast at han også er god springleikdansar og har gode plasseringar frå fleire kappleikar.

Ola Grøsland



FOLKEMUSIKKEN PÅ LALM

Vær nu avskaffet, du musikkrestykke,
som før har været så høyt angenem.
Du har forvoldt så mang en ulykke
og megen armod i hus og hjem, —
Ja, mange har derved i fattigdom
svevet
igjennem tiden og betlet sit brød,
mange ved drukkenskap er bleven
røvet
fra sin velstand til vestand og nød.

Dette skal Hansliguten eller Ola Brursten (1806–1892) ha sagt da han brende opp felasi. Påverka av sterke religiøse straumdarg i tida hadde han kome til at fela var ein syndig reiskap. Likevel var dette unntaket, spelemennene på Lalm brende slett ikkje opp felene, men tok vare på og førte vidare ein rik slåttetradisjon. Få stader har det vore lāte så mykje som

her, og det er ei mengd med spelmann både i fortid og samtid. Lalm har vore eit kraftsenter for folkemusikk i Ottadalen.

Fyrste ruvande spelmannen vi veit noko særleg om, er Ola Sjugurdson Skår (1773–1863), gjerne kalla Gamel-Skårin i ettertid. Han var såkalla forpaktningsspeleman med einerett på dansespeling innan sitt område, og elles hadde han vore ute på grensevakt først på 1800-talet og importert marsjar og melovittar (menuettar).

Ein annan markert spelmann vart Iva Bråtå (1827–1916), som skulle bli hovudkjelda for dr O M Sandvik i boka Folkemusikk i Gudbrandsdalen. Dessutan vart han læremester for t. d. Per Brænden, som er særleg

sentral i formidlinga av den gamle musikken til eldre spelemenn i dag.

Ein særleg god dansespeleman var Ola Bråtå (1844–1923), også kalla Turrmoin. Han var far til Ola Skogheim og bestefar til Eidebrørne, eitt av dei store feledynastia på Lalm. Ola, Pål og Petter Eide er hovudpersonar innan vidareføringa av slåttetradisjonen på Lalm. Ein annan sentral folkemusikkfamilie var Skogumsbrørne, i alt sju felespelande brør med dei to eldste, Jakob og Pål, i spissen.

Elles har det vore mange andre sterke spelemannsfamiliar, slike som Kolstad, Sletten, Reiremo, Olderløkken, Ymbjørgøyen og Bjørkheim. Her var det sanneleg mange til å føre vidare og forme ein solid slåttetradisjon.

Slåttemusikken her inneholder klare alderdommelege stiltrekk i tonalitet og rytmikk, slikt som svevande tonalitet og ujamn takt, altså taktslag er ikkje like lange. Elles har det vore brukt ein del posisjonsspel, mellom anna ein serie med springleikar spelte i andre og særleg tredje posisjon. I samspel var det vanleg å spela grovt og grant, eller uppe og ne're som det gjerne vart sagt.

Lalmsmusikken har altså ei lang og sterkt fortid, men det er få ungdommar på Lalm i dag som spelar folkemusikk. På denne bakgrunnen blir Hans og Øyvind Sandum særleg viktige og sentrale.

Ola Grøsland

HANS AND ØYVIND SANDUM

The Sandum brothers Hans, born in 1980, and Øyvind, born in 1982, are from Lalm in Vågå township, and grew up in a home and a local community where folk music held a central position. Their parents are good dancers and folk musicians, and their mother, Ingebjørg, is particularly good at playing fiddle, with good kappleik placings from her youth. She comes from Garmo in Lom and is from a solid folk music family, so it is natural that Hans and Øyvind have a great deal of traditional music from the neighbouring district in addition to Lalm. Their parents, as well as

other members of their family, were therefore an important inspiration for the brothers.

Both of them began playing when they were around 10 years old, and they have naturally played quite a bit together, including in competitions, where they have earned good placings. They have an active life in music behind them and have participated in several folk music and dance groups, in various gammaldans groups, and have otherwise played a great deal for dance. This solid background and experience is made evident in a good, dynamic rhythm and a sense for detail

in the music. They are faithful to the tradition, but have also composed tunes themselves.

HANS plays fiddle and has been an A-class fiddler since 2001. He has participated in many landskappleikar (Norway's annual national folk music competition) and smaller kappleikar, and as a member of Kolden & co he won Landsfestivalen i gammaldansmusikk in 2000.

ØYVIND plays accordion, both two-row diatonic and five-row chromatic button accordion. He has taken an education in folk music, studying first in the folk music program

in Vinstra and then at the Ole Bull Academy in Voss. He has played in various gammaldans groups, longest in the group Nordafjells, and has won landsfestivalen in ensemble playing. Not least, he has won the class for solo two-row button accordion many times, and in 2012 he won the royal trophy at Landskappleiken in Ottå. It is natural that he both has his own CD and has otherwise contributed on many productions. In addition, it must be mentioned that he is also a good springleik dancer and has earned good placings at several kappleikar.

Ola Grøsland

TAKK

Fysst á fræmst vil áss takke ó mamma á 'n pappa,
ó Ingebjørg á 'n Bjørn Sandum, får go uppföljing á tålmodogheit
i uppveksté. Døm ha støtt våre ovurderlege kjøyldo á motivatore
i fárhøyll te musikkjé våre.
Takk át ó Sigrid, 'n Bo á 'n Wilmer, får at døkk ha gjeve áss ti te
å gjennumføre dette prosjekte.
Ellers må áss takke døm såm ha våre så rause mæ á lære burt eille
dessá goe leikjin át áss. Ein spesiell takk át 'om Ola Grøsland såm
ha våre te go' hjølp jennum heile prosjekte.
Takk át Ola Sandum, Pål Bratås á Rolv Odde får lån tá instrument.
Takk át Eldbjørg Reiremo får at áss fækk låne Gamel-Reiremo såm
innspelingslokale.
Takk át Norsk kulturråd, Fond for utøvende og Rff får økonomisk støtte.
Sist, á ikkje minst, ønskje áss á takke eille såm áss ha fått láv te á
spela i hop mæ uppijennum áre.

Innspilt: Heidal, september 2012.

Tekniker/miksing/mastring: Fridtjof Lindeman/ Strype Audio

Produsent: Niels J. Røine

Grafisk formgjeving: Eva Karlsson

Foto: Hans Thoursie og Harry DJ

Økonomisk støtte: Norsk kulturråd, Fond for utøvende kunstnere
og Rådet for folkemusikk og folkedans

